

Dale IL handball, årsmelding – Minihandball 2012-13

Trenarar: Elevar frå Dale Vgs med oppfølging frå Stian Neset

Oppmann: Kjetil Felde

Minihandballen starta opp med trening ein gong i veka etter haustferien og vil halde fram ut mars 2013. Om lag 23 ungar har delteke på treningane til minihandballen gjennom heile året nokre har slutta og andre har kome til. I tillegg trener jenter03 og gutar03/04 til andre tider og med andre trenarar. Gutar 03/04 spelar i G10 serie. Totalt om lag 55 born.

Minihandballen har delteke på 4 turneringar vinteren 2012/2013 og skal delta på den femte 16.03.2011. Vi har 9 påmelde lag til turneringane, noko som har medført at nokre av laga har fått spele mykje. Jenter 05 burde truleg hatt to påmelde lag, noko vi vil prøve på siste turnering. Målet er at vi skal få spele mykje på turneringane.

Borna syner stor speleglede og innsats på turneringane og det er kjekt å sjå kor ivrige dei er. Takk til alle foreldre som har vore med på transport og som lagleiarar på turneringane.

Minihandballen har ikkje ei samla treningstid for alle laga, noko som sportsleg sett truleg er ein fordel. For oppmann har det vore vanskeleg å følge med på treningstider og å kunne vere tilstades på treningane og halde kontakten med trenarane. Eg trur det bør vere ei treningstid – ein oppmann. Det vil då vere meir oversiktleg for oppmann og ein har fleire som kan ta ansvar når det skal arrangerast turnering på heimebane. Til turneringane skal ein få oversikt over 40-45 born og foreldre fordelt på 9 lag som alle skal ha ein lagleiar.

Minihandballen

Kjetil Felde

Oppmann